

Foreldreinfo februar 2026

FAU/SU



Møte i Su den
11.02. Referatet ligg på
heimesida.

Neste FAU er den 17.mars
kl 19.30.

Søknad om skuleskyss, farleg skuleveg

Bjerkreim kommune lagar nytt søknadsskjema dersom de heime
opplever skulevegen som farleg, og ikkje automatisk har
skysstrett. Dette vil ligga på heimesida til kommunen når det er
ferdigstilt under skule - skuleskyss

For første gong i Bjerkreim har
næringsforeninga, næringsutviklar og
skulen samarbeidd om ein dag med
bedriftsbesøk for 9.klassingane. Dei
besøkte Vikeså golv, Hompen dekk og
bil, helsesenteret, Covent og Bjerkreim
trelast. Kjekk og variert dag med mykje
praktisk innhald traff elevane godt. På
bileta får dei prøva seg på golvlegging.
Takk til alle bedriftene som tok imot
elevar denne dagen!



I februar har det vore mange kalde nasar og kinn på isen på Lauvtjødna, og i akebakken på skulen. Kjekt
å sjå barn og ungdom i leik ute!

Me har og feira morsmålsdagen med fokus på språkleg og kulturelt mangfald på skulen. Det er ein
rikdom å ha ulike bakgrunnar, kulturer, erfaringar og språk her i Bjerkreim. Me ser dessverre at me treng
å ha fokus på det. Me har for mange elevar som har ein språkbruk prega av liten toleranse og empati, det
som er retta mot andre er krenkande og til tider direkte rasistisk. Me har stramma inn på skulen, men
treng hjelp frå dykk heime for å få bukt med utfordringa. Her må me saman setta klare grenser for kva
som ikkje er greitt å seie, samtidig som me arbeider på å sjå
på ulikskap som ein ressurs og noko positivt.

Me avrunder februar med vinterferie, velkommen tilbake
måndag 02.mars.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

Before you speak:

THINK

T = Is it True?

H = Is it Helpful?

I = Is it Inspiring?

N = Is it Necessary?

K = Is it Kind?